



SAKSHANDSAMAR  
Ragnhild Hoel

VÅR DATO  
04.05.2021

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
21/02657-1

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Se mottakarliste

## Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland – høyring

Vi viser til tidlegare kontakt om arbeidet med Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Oppland. Dette arbeidet vart i ein startfase samkøyrte med Oppland fylkeskommune sitt arbeid med Fagmelding for kulturarven i Oppland. Oppland fylkeskommune sende 24.06.2016 ut brev med varsel om oppstart for desse to prosjekta til alle kommunar i fylket, og gjennomførte på forsommaren 2016 ein serie verkstader med dei regionale musea, KIK-kontaktar i kommunane og Riksantikvaren. Her vart det orientert om arbeidet med fagmelding og KULA og vi fekk inn dei første forslaga til aktuelle landskap. Riksantikvaren sende i 11.09.2017 brev med orientering om status i arbeidet med KULA til aktuelle kommunar med utgangspunkt i dåverande liste på 16 område. Møte med aktuelle kommunar og museum vart gjennomført 11-12.10.2017 på Otta, Fagernes og Gjøvik. Vi viser òg til felles synfaringar med fleire kommunar og kontakt mellom fylkeskommunen og aktuelle kommunar.

Riksantikvaren sender no ut forslag om at 18 landskap i Oppland skal inngå i registeret Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Vi ber om merknader til høyringsutkastet **innan 1. september.**

Oppland og Hedmark, som frå 01.01.2020 gjekk saman i nye Innlandet fylkeskommune, har arbeidd med prosjektet kvar for seg. I Hedmark er høyringsutkastet framleis under arbeid.

Høyringa går til dei kommunane der vi foreslår landskap, til styresmakter på regionalt nivå, næringsorganisasjonar, museum, frivillige organisasjonar og andre aktuelle organ. KULA Oppland vil først og fremst ha direkte verknad for arealplanlegging og forvaltning i kommunar og hos andre styresmakter. Høyringa er open og alle har moglegheit til å komme med innspel.

Innlandet / Oppland fylkeskommune har foreslått område og utarbeidd forslag til skildringar. Riksantikvaren har arbeidd vidare med forslaget og står ansvarleg for utvalet som no vert sendt på høyring.

Høyringsforslaget omfattar følgjande 18 landskap:

1. **Dovrefjell**, Dovre kommune
2. **Grimsdalen**, Dovre kommune
3. **Dalbotnen i Lesja**, Lesja kommune
4. **Strynefjellet aust**, Skjåk kommune
5. **Nordherad**, Vågå kommune
6. **Bøverdalen**, Lom kommune
7. **Tesse og Smådalen**, Lom og Vågå kommunar
8. **Heidal**, Sel kommune
9. **Gjende og Sjodalen**, Vågå og Lom kommunar
10. **Dokkfløy og Murudalen**, Gausdal, Sør-Fron, Nord-Fron og Sel kommunar
11. **Frya – Harpefoss**, Sør-Fron kommune
12. **Vinstre**, Øystre Slidre og Vang kommunar
13. **Filefjell aust**, Vang kommune

14. **Stølsvidda**, Nord-Aurdal og Vestre Slidre kommunar
15. **Vassfaret**, Flå, Nesbyen og Sør-Aurdal kommunar
16. **Randsfjorden**, Søndre Land kommune
17. **Balke – Lillo og Kapp**, Østre Toten kommune
18. **Granavollen, Tingelstadhøgda og Røykenvik**, Gran kommune

Landskapa er skildra og vist på kart i høyringsutkastet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland. Lenke til høyringsutkastet: <https://hdl.handle.net/11250/2753317>

### **Formålet med KULA-registeret og verknaden det har for kommunane**

For å medverke til å ivareta nasjonalt viktige landskap utarbeider Riksantikvaren eit landsomfattande register over Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA-registeret). Dette er eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet. Vidare er registeret eit bidrag til å følgje opp Den europeiske landskapskonvensjonen, som Norge har godkjent. Konvensjonen legg vekt på at landskap er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. For å kunne gjere dette på ein god måte er det blant anna behov for å kartlegge og prioritere landskap. Kulturmiljøforvaltninga har eit særskild ansvar for å halde oversikt over og velje ut kulturhistorisk verdifulle landskap.

KULA-registeret omfattar landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er eit sentralt kunnskapsgrunnlag og skal signalisere tidleg og tydeleg kva landskap det må takast særlege omsyn til i areal - og sektorplanlegging. Slik vil kulturmiljøforvaltninga vere meir føreseieleg for kommunane og sektorane i deira arealplanlegging og forvaltning av landskap. Målet er å medverke til ei god forvaltning av landskap generelt og desse nasjonalt viktige landskapa spesielt.

Landskapet har alltid vore i forandring, men omfanget og tempoet i endringane aukar. Forvaltninga av dei kulturhistoriske spora i landskapet er derfor meir utfordrande enn tidlegare. Samtidig er landskapet med sine historiske verdiar ein ressurs for samfunnet. Riksantikvaren signaliserer ikkje at endring er uønskt i desse områda. Målet er at registeret skal bidra til at kommunane og andre har et medvite forhold til kvalitetane i landskapet og landskapsendringar når dei planlegg og forvaltar dei. Slik kan det som er karakteristisk og verdifullt førast vidare og bli styrka.

Kommunen er gjennom si arealplanlegging den viktigaste forvaltaren av landskap. Vi oppmodar dei aktuelle kommunane til å ta eit hovudansvar for å ta vare på verdiane i desse landskapa. Det er eit mål at kommunane skal forvalte KULA-områda med eigne verkemiddel, der plan- og bygningslova er viktigast. Eit hovudtiltak er at landskapa blir tatt vare på i kommuneplanens arealdel og blir lagt inn som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap med retningslinjer. I tillegg bør det utarbeidast generelle føresegner for landskapa. Kommunane kan gjennom aktiv planlegging og forvaltning bidra til å utvikle landskapa sine som ein ressurs for innbyggerane og som grunnlag for næringsverksemd, for eksempel reiseliv.

Riksantikvaren forventar vidare at andre styresmakter tar tilstrekkeleg omsyn til landskapa i sine planar og tiltak. Dei ulike sektorane skal legge oversikten til grunn i planlegging og gjennomføring av store tiltak, for eksempel innan samferdsel, kraftutbygging og kraftoverføringar. Utvalet av område vil vere eit verktøy for regional kulturmiljøforvaltning i deira innspel til kommunal og regional arealplanlegging og i samarbeidet med ulike sektorstyresmakter. Vi vonar at registeret vil bidra til å styrke tidleg dialog mellom kommunane og regional kulturmiljøforvaltning i plansaker, slik at ein kan unngå konflikhtar om arealbruk i kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

### **Dei faglege rammene for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse**

KULA-registeret er ferdig i Østfold, Hordaland, Troms, Buskerud og Agder. Forslag til område i Rogaland og Akershus var på høyring i 2020. Fleire andre fylke er i gang med arbeidet, og

registeret skal etter planen vere etablert i heile landet innan utgangen av 2022. Landskapa som blir valt ut, bidrar til å fortelje historiene om det enkelte fylket og om heile landet. Landskapet med sine kulturhistoriske spor kan gi oss kunnskap om levkår, busetting, arbeidsliv og ressursbruk i fortida, samspelet mellom naturgitte og menneskeskapte element og korleis landskapet har endra seg. Samtidig har landskapa viktige verdiar knytt til opplevingar.

KULA-registeret skal omfatte landskap i rurale område, det vil seie utanfor byer og tettstader og område som er prega av nyare industri og moderne infrastruktur. Jordbrukslandskap blir vektlagt, men òg andre landskapstypar høyrer med. Dette er hovudlinjene i den tematiske avgrensinga, men i nokre tilfelle vil for eksempel mindre tettstader inngå for å få til ei forståeleg grense for landskapet. Den tematiske avgrensinga, som kom i 2018, har samanheng med at Riksantikvaren på lengre sikt skal etablere ei samla oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse innanfor ein tredelt registerstruktur basert på ulik skala og ulike tema:

- NB!-områda omfattar kulturmiljø i historiske bykjernar (etablert register)
- Ein ny kategori, NB+, vil omfatte kulturmiljø i ytre byområde, tettstader, industrimiljø, kystmiljø med meir (framtidig)
- KULA-områda vil omfatte landskap i rurale område (under etablering)

I Oppland har ein del avgrensa kulturmiljø i Lillehammer og Gjøvik fått status som nasjonal interesse gjennom NB!-registeret. Fleire områdetypar vil vere aktuelle å vurdere i eit framtidig kulturmiljøregister.

I mange tilfelle har delar av eller heile dei foreslåtte KULA-områda i Oppland også andre typar status. Nordherad (Vågå), Stølsvidda (Nord-Aurdal og Vestre Slidre) og Granavollen, Tingelstadhøgda og Røykenvik (Gran) er landskap som med same avgrensing også høyrer med i satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Riksantikvaren har valt å ta med desse i forslaget til KULA-registeret fordi dei er kulturhistorisk viktige i ein nasjonal samanheng og derfor bør inngå i Riksantikvarens register. Dei to ordningane har ulik innretning: Utvalde kulturlandskap er ei økonomisk tilskotsordning og eit samarbeid mellom landbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltninga. Den langsiktige satsinga legg opp til aktiv brukarmedverknad og deltaking. KULA-registeret er kulturmiljøforvaltninga sitt kunnskapsgrunnlag med oversikt over nasjonalt viktige landskap og eit signal til kommunal planlegging og til sektorplanlegging. I tillegg til desse tre områda vart òg heile eller delar av ytterlegare seks andre av dei foreslåtte KULA-områda peika ut som særleg verdifulle i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. KULA-arbeidet byggjer såleis på viktige tidlegare landskapsarbeid i Oppland.

Andre landskap, som Randsfjorden (Søndre Land), Dokkfløy, Espedalen og Murudalen (Gausdal, Sør-Fron og Sel) og Dovrefjell (Dovre) har sitt utgangspunkt i kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar, og avgrensinga er gjort med tanke på å femne kulturmiljø som er løfta fram som viktige både lokalt og nasjonalt. Lokalt engasjement og interesse for kulturhistoria og landskapa har vore ein viktig faktor i utvalet av alle område.

I 12 av dei 18 KULA-områda inngår delar av nasjonalparkar, landskapsvernområde og andre større naturvernområde. For desse areala gjeld eigne verneforskrifter. Delar av fire KULA-område inngår dessutan i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan.

### **Høyringsutkastet - skildring og vurdering av landskapa**

Høyringsutkastet startar med ei innleiing om landskap og kulturhistorie i Oppland. Skildringa gir ei ramme for utvalet av område, og dekkjer òg viktige historiske tema som, på grunn av den nemnde tematiske avgrensinga, ikkje speglast av i dei 18 landskapa.

Kvart landskap er deretter skildra med vekt på det kulturhistoriske innhaldet. I utvalet av område har vi vore opptatt av dei viktigaste utviklingstrekk og kva strukturar, mønster og

sentrale element, som det er mogleg å oppfatte i landskapet i dag. Skildringa kan òg handle om den delen av historia som er knytt til tru, hendingar og tradisjonar, og til erfaringsbasert kunnskap om bruken av landskapet.

Landskapskarakteren til kvart landskap blir skildra gjennom ein kort karakteristikk av kva som pregar akkurat dette landskapet. Vidare blir det gitt ei grunngeving for kvifor nettopp dette landskapet har nasjonal interesse - ei vurdering av kva for viktige verdiar landskapet har. Dette kan omfatte viktige fasar i historia, strukturar i landskapet, byggeskikk og arkitektur, verksemder, hendingar, tru og tradisjon, kulturen til etniske grupper og spor frå forhistoria.

Til slutt kjem det ein omtale av kva området er sårbart for, kva som kan påverke særpreget (landskapskarakteren) negativt og redusere verdiane (den nasjonale interessen). Vidare blir det gitt råd med viktige punkt for planlegging og forvaltning. Desse bør blant anna gi grunnlag for kommunens utforming av generelle føresegner og retningslinjer.

Riksantikvaren tar sikte på å ferdigstille registeret for Oppland i løpet av siste halvår 2021, etter høyring og vidare arbeid med merknader frå denne. Høyringsinstansane blir orientert i brev med oppsummering av høyringa og endeleg rapport. Landskapa vil samtidig bli lagt inn i Riksantikvaren sin kulturmiljødatabase Askeladden.

### **Merknader til høyringsutkastet**

Riksantikvaren ber høyringsinstansane om alle typar tilbakemeldingar og innspel til forslaget, men ber særleg om:

- merknader til utvalet av landskap som er foreslått i fylket og til enkeltområde
- merknader og eventuelle nye opplysningar til områdeskildring, størrelse og avgrensing av dei enkelte områda, medrekna bruk av stadnamn og gjerne bidrag til fleire bilete frå landskapa
- merknader til råd for forvaltning av områda, vurderingar av kva området er sårbart for og opplysningar om planstatus og -utvikling

Høyringa er open og alle har moglegheit til å sende inn innspel, sjølv om dei ikkje har fått høyringsbrevet tilsendt.

Vi viser til Riksantikvarens rettleiar *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Kommunal og regional forvaltning* (2019). Rettleiaren gir meir informasjon om kva KULA-registeret er og korleis kommunen, regional kulturmiljøforvaltning og sektorstyresmakter kan forvalte Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Lenke til rettleiaren: <http://hdl.handle.net/11250/2611211>

Riksantikvaren har òg laga eit enkelt informasjonsark om KULA som kommunen og andre kan bruke til formidling. Lenke til infoark: <https://hdl.handle.net/11250/2651477>

Beste helsing

Leidulf Mydland

Seksjonssjef

Ragnhild Hoel

seniorrådgiver

### **Brevet er elektronisk godkjend**

Kopi til: Flå kommune, Postboks 34, 3539 FLÅ/ Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Landbruksdirektoratet, Postboks 1450 Vika, 0116 OSLO/ Viken fylkeskommune, Postboks 1200 Sentrum, 0107 OSLO/ Nesbyen kommune, Alfarvegen 117, 3540 NESBYEN

Mottakar	Kontakt- person	Adresse	Post
Avinor AS		Postboks 150	2061 GARDERMOEN
Bane Nor SF		Postboks 4350	2308 HAMAR
Dovre kommune		Kongsveien 4	2662 DOVRE
Forsvarsbygg		Postboks 405 Sentrum	0103 OSLO
Fortidsminneforeningen - Oppland avdeling		c/o Kåre HosarGjørtlervegen 2A	2618 LILLEHAMMER
Gausdal kommune		Vestringsvegen 8	2651 ØSTRE GAUSDAL
Gran kommune		Rådhusvegen 39	2770 JAREN
Gudbrandsdalsmusea AS		Hundorpgeilen 12	2647 SØR-FRON
Innlandet fylkeskommune		Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325 HAMAR
Kulturhistorisk museum - Universitetet i Oslo		Postboks 6762 St. Olavs plass	0130 OSLO
Langsua nasjonalparkstyre		Postboks 987	2626 LILLEHAMMER
Lesja kommune		Postboks 53	2665 LESJA
Lom heimbygdslag		Liavegen 703	2686 LOM
Lom kommune		Sognefjellsvegen 6	2686 LOM
Mjøsmuseet		Postboks 13	2858 KAPP
Nord-Aurdal kommune		Rådhuset - Postboks 143	2901 FAGERNES
Nord-Fron kommune		Nedregate 50	2640 VINSTRA
Norsk Folkemuseum avd. Norsk Maritimt Museum		Postboks 720, Skøyen	0214 OSLO
Norsk vegmuseum		Pb 8142 Dep	0033 OSLO
NVE region øst		Postboks 4223	2307 HAMAR
Østre Toten kommune		Postboks 24	2851 LENA
Øystre Slidre kommune / Østre Slidre kommune		Tingvang, Bygdinvegen 1989	2940 HEGGENES
Randsfjordmuseet AS		Kongevegen 92	2770 JAREN
Rondane-Dovre nasjonalparkstyre			

Sametinget - Sámediggi		Ávjavárgeaidnu 50	9730 KARASJOK/Kárášjohka
Sel kommune		Sel rådhusBotten Hansens gate 9	2670 OTTA
Skjåk kommune		Moavegen 30	2690 SKJÅK
Søndre Land kommune		Hovsbakken 1	2860 HOV
Sør-Aurdal kommune		Tingvollbakkin 15	2930 BAGN
Sør-Fron kommune		Kommunevegen 1	2647 SØR-FRON
Statens Vegvesen - Region øst		Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
Statsforvalteren i Innlandet		Postboks 987	2604 LILLEHAMMER
Stiftelsen Toten økomuseum og historielag		Sillongenvegen 230	2846 BØVERBRU
Vågå kommune		Edvard Storms vei 2	2680 VÅGÅ
Valdres Natur- og Kulturpark AS		Skrautvålvegen 77	2900 FAGERNES
Valdresmusea AS		Tyinvegen 27	2900 FAGERNES
Vang kommune		KommunehusetTyinvegen 5161	2975 VANG I VALDRES
Vestre Slidre kommune		Slidrevegen 16	2966 SLIDRE
Viken Skog SA		Postboks 500 Sentrum	3504 HØNEFOSS
Den norske Turistforening - Oslo og Omegn		Postboks 7	0101 OSLO
DNT Gudbrandsdalen		Jernbanegata 4	2630 RINGEBU
DNT Hadeland		Postboks 87, 2711	2711 GRAN
DNT Valdres		Lundebygdvegen 145, C/O Merethe Lundene	2930 BAGN
Forum for natur og friluftsliv Innlandet		Postboks 368	2602 LILLEHAMMER
Glommen Mjøsen Skog SA Hovedkontore		Postboks 84	2601 LILLEHAMMER
Gran Historielag		Aschimlinna 4, C/O Harald D. Hvattum	2760 BRANDBU
Gudbrandsdal Historielag Dølaringen		Høystadvegen 6, C/O Torveig Dahl	2630 RINGEBU
Innlandet Bondelag		Skogbrukets Hus, Kirkegata 70	2609 LILLEHAMMER
Kongevegbedrifter Filefjell SA		Ellingbøvegen 105, V/ Eli Belsheim	2975 VANG I VALDRES

Nordheradprosjektet		v/Einar Hårstad Øvre Nordheradsvegen 702	2680 VÅGÅ
Oppland Bonde-og Småbrukarlag		Industrigata 56	2619 LILLEHAMMER
Prosjekt Kongevegen over Dovrefjell		Statens vegvesen, Brynsengfareet 6A, 0667 Oslo	0667 OSLO
Vågå Historielag		Øvre Nordheradsvegen 97, C/O Knut	2680 VÅGÅ
Valdres Friluftsråd		Skrautvålvegen 77	2900 FAGERNES
Visit Innlandet		Postboks 230	2802 GJØVIK
DNT Gjøvik og omegn		Postboks 421	2803 GJØVIK
Dovre fjellstyre		Kyrkjevegen 5	2660 DOMBÅS
Fron fjellstyre		Aursetvegen 1	2643 SKÅBU
Gausdal fjellstyre		Vestringsvegen 4	2651 ØSTRE GAUSDAL
Lom fjellstyre		Brubakken 2,	2686 LOM
Museumsforum Innlandet	Ole Aastad Bråten	Tyinvegen 2	2900 FAGERNES
Øystre Slidre Fjellstyre		Bygdinvegen 1989	2940 HEGGENES
Vågå fjellstyre		Postboks 16, 2684	2680 VÅGÅ
Vestre Slidre fjellstyre		Slidrevegen 20	2966 SLIDRE
Breheimen nasjonalparkstyre		Postboks 987	2604 LILLEHAMMER
Dovrefjell nasjonalparkstyre		Postboks 987	2626 LILLEHAMMER
Jotunheimen og Utladalen Nasjonalparkstyre		Postboks 987	2604 LILLEHAMMER
Statnett Oslo		Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Aurdal Historielag		Hensåsvegen 40 A, C/O Tore Hovda	2975 VANG I VALDRES
Dovre Historielag		Øverbygdsvegen 271	2662 DOVRE
Fron Historielag		Nedregata 63, C/O Fron Regnskapskontor	2640 VINSTRA
Gausdal Historielag		Voldsbruvegen 6 B,	2651 ØSTRE GAUSDAL
Heidal Historielag		Andor Randen Slettmorken 17, C/O Arne	2677 NEDRE HEIDAL
Lesja Historielag		Romsdalsvegen 3589, C/O Sigmund Oddgeir Kolstad,	2667 LESJAVERK
Skjåk Historielag		Postboks 56	2694 SKJÅK

Skrautvål Historielag		Skrautvålsvegen 891, C/O Tone Irene Meisdalen	2917 SKRAUTVÅL
Sør-Aurdal Historielag		Grønhaug Øvrevegen 85, C/O Amund	3528 HEDALEN
Ulnes og Svenes Historielag		Hensåsvegen 40 A, C/O Tore Hovda	2975 VANG I VALDRES
Valdres Historielag		Hensåsvegen 40 A, C/O Tore Hovda	2975 VANG I VALDRES
Vang Historielag		Postboks 4300	2308 HAMAR
Vestre Slidre Historielag		Johmsvegen 23, C/O Ester Johme	2967 LOMEN